



post@helse-forde.no

Postlister Hovudsida Kva skjer? Media Jobb hos oss Kontakt oss

Pasientinformasjon :

Fritt sjukehusval - ventetider
Helseinformasjon
Når du skal på sjukehus
Pasientreiser
Visittider

Våre einingar :

Avdelingane i Helse Førde
Institusjonane

Om Helse Førde :

Administrasjon
Dette er Helse Førde
Klinikkane
Sakslister/protokollar
Strategiar/prosjekt/planer
Styret

Nyhende

Ønsker polske legar til Helse Førde



Fagdirektør Hans Johan Breidablik har vore i Polen. Der har han i samarbeid med Helse Vest sett på om det kan vere mogleg å få polske legespesialistar til Helse Førde. I første omgang har Helse Førde meldt interesse for legar i sju ulike spesialistområde.

– Mange norske verksemdar har gjestarbeidarar frå Polen. Dette er også aktuelt for Helse Førde. Polen har mange legar og det er difor naturleg at vi vender oss dit for å prøve å rekruttere, seier Breidablik.

Hans Johan Breidablik, fagdirektør og personaldirektør i Helse Vest Odd Søreide og Hilde Christiansen, var denne veka i Warszawa for å få orientering om utdanningssystemet for legar og spesialistutdanninga i Polen. Dei besøkte også eit firma som driv med rekruttering av spesialistar. Dette firmaet har rekruttert fleire hundre legar og andre faggrupper som til dømes tannlegar til mellom anna England og Danmark.

Breidablik understrekar at dei har ein streng prosess for å velje ut og vurdere kandidatane. Når dei aktuelle personane er vald ut og får kontrakt med arbeidsgjevar startar kandidatane ei intensiv språkoppføring i Polen. Hovudvekta i denne opplæringa er fagspråk. Breidablik påpeikar at språkkurset er ekstremt krevjande.

Førebels er det berre Helse Førde innan Helse Vest sitt føretaksområde som har vurdert å rekruttere polske spesialistar. Helse Vest vil vurdere å inngå rammeavtale med eit rekrutteringsfirma i nær framtid. Blir dette gjennomført vil det vere opp til Helse Førde å inngå kontraktar med dei aktuelle legespesialistane før eventuell språkoppføring med meir vert starta i Polen.

– Dersom det blir aktuelt å hente polske legar, vil kandidatane etter planen kunne vere klare til teneste for Helse Førde våren 2008, seier Breidablik.

Dei fagområda Helse Førde i denne omgang ønsker legar til er hematologi, infeksjonsmedisin, revmatologi, hudsjukdommar, nevrologi, geriatri og onkologi. Dette er legar som det er vanskeleg å få tak i Noreg, seier fagdirektøren.

– Polen har mange legar og institusjonar. Dei har ikkje ventetid i det heile på sjukehusa. Det vil difor ikkje vere ei utarming av polsk helsevesen med å rekruttere legar derifrå, understrekar fagdirektør i Helse Førde, Hans Johan Breidablik.

Finn Ove Njøsén 18.04.2007 Tips ein venn Tilbakemelding Skriv ut



Ny medisin
ved
hjerneslag

Aktiv på dagtid
Brukarutvalet
Lærings- og meistringssenteret
Regionalt kompetansesenter fedme
Samhandling med kommunane